



venstre



**ÅL
venstre**

MEINER DU TIDA ER MODEN FOR ORDFØRARSKIFTE I ÅL?



**Stem på Venstre
og Torleif T. Dalseide
som ordførar.**

Torleif er 44 år, bonde i Øvre-Ål og rekneskapsførar. Han er i dag leiar i hovudutvalet for næring- og ressurs, medlem i kommunestyret og energiutvalet. I perioden har han markert seg politisk og opparbeidd seg stor respekt. Torleif er ein allsidig politikar med særleg styrke innan økonomi. Han er flink til å prioritere og særstakt resultatorientert.

Dei 5 neste på V-lista:



2. Anne Kjersti Frøyen, 42 år
Psykiatrisk sjukpleiar
Leiar i Ål Sokneråd og medlem i
Fellesrådet.



3. Eli Torpe, 36 år
Rådgjevar Ål Ungdomsskule,
prosjektleiar yrkesmesse 2003
Leiar i Ål Venstre



4. Eilif Gundersen, 47 år
Datakonsulent, musikar. Medlem
av hovudutval for helse og sosial.
Ulike verv i folkemusikkorg.



5. John Storhaug, 45 år
Videojournalist. Medlem i hovud-
utval for kultur. Styremedlem i
Buskerud journalistlag



6. Sissel Urke, 37 år
Psykiatrisk sjukpleiar.
Gruppeleiar for Ål KFUK.

BETRE MILJØ

Eit godt miljø skapar trivsel for fastbuande og tilreisande, og vil vere ein viktig del av livsgrunnlaget for dei som kjem etter oss. Dette er både eit offentleg og privat ansvar.

Venstre vil

- arbeide for betre kjeldesortering
- få i gang tiltak som nytta spillvarmen ved Hallingdal Renovasjon
- vere restriktiv til nedbygging av dyrka mark
- arbeide for å oppretthalde togtilbodet i kommunen og i regionen
- styrke Energifondet med sikte på å redusere den totale energibruken, og til å fremje bruken av alternativ energi
- verne vassdrag som ikkje er rørt av kraftutbygging frå før
- arbeide for auka minstevassføring i visse regulerte vass drag for å betre sjølvreinsingsevna og fisket



KULTURBYGDA ÅL

Ein variert kultur er sjølve livskjelda, - til glede og utvikling for einskildmennesket og fellesskapen.

Vi ynskjer ei sterkare bevisstgjering av lokale verdiar og tradisjonar.

Ål Venstre ynskjer ei kulturbasert næringsutvikling med Kulturhuset og Ål Folkepark som drivkraft.

Venstre vil

- sikre allsidig drift av Ål kulturhus
- utvikle Ål Folkepark til eit trivselsområde for bygdefolk i alle aldrar og ein regional arena for ulike arrangement
- stimulere aktivitetane til frivillige lag og organisasjonar
- styrke kulturskulen
- arbeide for å få etablert eit nasjonalt senter for dekorativ folkekunst i Ål
- sikre aktiviteten i Kårstugu og Nigardstugu

EIT GODT LIV I ÅL!



**MILJØ
ANSVAR
NYTENKING**



venstre



venstre

VENSTRE I ÅL VIL:

- Legge til rette for eit allsidig næringsliv og sikre næringar som forvaltar naturressursane i kommunen.
- ta vare på biologisk mangfald, kulturlandskap og urørte naturområde.
- utnytte den sterke posisjonen kommunen har innan kultur og media til profilering, næringsutvikling og til trivselstiltak.
- gje ungjar og ungdom ein oppvekst i Ål som gir ein god start i livet og som knyter band til heimbygda.
- styrke samspelet mellom kommunen og det private næringsliv for å skape arbeidsplassar og framtidstru i kommunen.
- søke samarbeidsløysingar med nabokommunane for betre ressursutnytting og utvikling av regionen.

På Venstrelista finn du initiativrike og engasjerte fritidspolitikarar. Dei vil stå på dei overordna føringane i Venstreprogrammet og vil i ei tid med stadig strammare kommuneøkonomi, ta politiske avgjerder utan å bli pressa av sterke særinteresser.

ALLSIDIG NÆRINGSLIV

Stadig fleire kan ta med seg arbeidsplassen og busette seg på stader med gode oppvekstmiljø og som kan tilby gode natur- og kulturopplevingar. I tillegg til å sikre og å utvikle eksisterande arbeidsplassar, blir det viktig for Venstre at Ål kommune legg forholda til rette for arbeidsskaparar, – personar som er på leit og som kan finne "eit godt liv i Ål".

Venstre vil

- arbeide for at det blir lagt til rette for ein næringshage for jobbskaparar og småbedrifter i Ål
- stimulere til meir lokal foredling og kultur- og naturbasert produktutvikling
- arbeide for å bygge eit badeanlegg i Ål Folkepark saman med private investorar
- arbeide for ei samla breibandutbygging i Hallingdal
- bruke næringsfondet aktivt som verktøy for næringsutvikling
- at kommunen skal vere ein medspelar og ikkje ein motspelar i jungelen av lover og reglar
- gjennomføre reguleringsplanen for Sundre for å skape eit trivelegare og meir funksjonelt sentrum
- sikre betre tilgang på sentrumsnære bustadomter og næringstromter
- utvikle Torpomoen på ein måte som gir varige arbeidsplassar
- gje ungdom kunnskap om lokalt næringsliv
- arbeide for at RV7 får stamvegstatus heilt til Bergen

GODE HELSE- OG SOSIALTILBOD

Det grunnleggjande for Venstre er at alle har eit ansvar for eiga helse.

Samstundes må omsorgstenestene sikre at du blir tatt godt vare på når behovet melder seg, anten du er rik eller fattig.

Venstre vil

- oppretthalde eit høgt nivå på helse- og sosialsektoren der brukarane står i sentrum
- vidareføre frisklivsprosjektet for at flest mogleg skal koma raskt attende til yrkeslivet etter sjukdom eller ulykke
- arbeide for interkommunale løysingar som opprettheld eit godt helgestell med betre ressursutnytting
- satse meir på førebyggjande tiltak, særleg blant ungdom
- gjenopne behandlingsbassenget

GODE OPPVEKSTMILJØ

Det må leggjast til rette for at frivillige lag og organisasjonar kan samarbeide med kommunen, for å skape gode tilbod for barn og unge.

Venstre ser på dei unge som den viktigaste ressursen kommunen har, og ser det som avgjerande at barn og ungdom får ein god oppvekst i samspel mellom heim, barnehage og skule.

Venstre vil

- ha barnehagebetaling med sosial profil
- arbeide for å sikre full barnehagedekning, også for ungar under tre år
- ha like satsar for foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved alle skular
- prioritere arbeidet med langsiktig strategi for skulen i Ål
- sikre skulen nødvendige ressursar for å gje elevane mest mogleg individuelle undervisningstilbod
- stimulere tiltak som gir elevane gode natur- og kulturopplevingar
- at samarbeidet mellom skulen og det lokale næringslivet må styrkast.
- modernisere Ål ungdomsskule
- at kommunen må vere meir aktiv i å ta vare på og utvikle den vidaregåande skulen i Ål
- sikre trygge skulevegar i kommunen
- at Ål ungdomsråd må få større mynde og økonomiske ressursar
- betre busstilbodet for ungdom mellom grendene og sentrum på kveldstid

